

*Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa*

VURDERINGSRAPPORT

HESTAVOLL BARNEHAGE



Vurderingstema: "Barna sin medverknad i barnehagen"

Hestavoll barnehage, Odda
Styrrar Aase Mørkve ,tlf: 536542/97558491
E.mail: Aase.morkve@odda.kommune.no

31.10 – 03.11.2011

Innholdsliste

1 Føreord	3
1.1 Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling	3
1.2 Kven vurderar?	4
1.3 Fasar i vurderingsarbeidet	4
1.4 Mål	4
1.5 Rapporten	4
1.6 Barnehagevurdering	5
2. Fakta om barnehagen	5
3. Vurderingstema	5
4. Glansbilde.....	6
5. Barnehagen sine sterke sider innan vurderingsområdet	8
6. Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet	12
7. Vidare arbeid	15
Vedlegg 1 - Deltakarar i vurderinga.....	16
Vedlegg 2 - Tidsbruk.....	16
Vedlegg 3 - Tidsplan	16
Vedlegg 4 – Metodar.....	19
Dokument- og resultatanalyse	19
Kriterium og teikn på god praksis	19
Førebu barna.....	19
Samtaleguidar.....	19
Møte med føresette.....	20
Møte med styrar	20
Observasjon.....	20
Vedlegg 5 – Dette sa barna	21
Vedlegg 6 – Dette sa føresette.....	21
Vedlegg 7 – Dette sa personalet	22
Vedlegg 8 – Observasjonar	23

1 Føreord

1.1 Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt for skulane: "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet. Likevel var signala der og oppmoding om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss vedtok difor i år 2000 å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Gruppa utvikla metodikken som vert kalla "*Hardanger/Voss vurderingsmetodikk*".

Med utgangspunkt i gode erfaringar med skulevurdering og ynskje om å laga tilsvarande vurderingsprogram for barnehagar, vart det sett i gang eit prosjekt med å tilpassa vurderingsverktøyet for barnehage.

Grunngiving av behovet finn ein også i Rammeplan for barnehage kap. 4.3. vurdering av arbeidet i barnehagen.

Rammeplanen seier: "*Vurdering som blir gjort tilgjengeleg for andre, kan bidra til ein open og brei debatt om måla, innhaldet, oppgåvene og kvaliteten i barnehagen.*"

Vidare: "*Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon.*"

Skule- og barnehageansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i barnehagen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at barnehagen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Lov om barnehagar §10 om kommunen sitt ansvar for tilsyn

1.2 Kven vurderar?

Vurderingsgruppa er sett saman av pedagogar i barnehagar frå Hardanger/Voss regionen. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og målet er at me skal vurderer dei kommunale barnehagane i regionen i løpet av 6 år. Ekstern vurdering er og eit tilbod til dei private barnehagane. Ingen vurderer barnehage i eigen kommune.

1.3 Fasar i vurderingsarbeidet

- Barnehagen gjennomfører Ståstadsanalysen i god tid før vurderingsarbeidet tek til
- Barnehagen vel eit fokusområde for vurdering i samsvar med resultat frå ståstadsanalysen
- Arbeidet med ståstadsanalyse og ekstern vurdering må forankrast i personalgruppa og hjå barnehageeigar
- Barnehagen sender resultata frå ståstadsanalysen og bakgrunnsmateriell til vurderarane
- Vurderarane, førebur sjølve vurderinga av barnehagen. Utarbeiding av kriterium, metodeval og verkty vert tilpassa det barnehagen ynskjer fokus på
- Sjølve vurderinga vert gjennomført
- Etterarbeid, lokalt utviklingsarbeid for barnehagen.

1.4 Mål

Auka kvaliteten i barnehagen med fokus på barnet sitt beste

1.5 Rapporten

Vurderarane skriv rapport om resultatet av vurderinga på bakgrunn av dokumentasjonsanalyse, intervju med barn og personalet, møte med føresette og observasjon i barnehagen. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utviklingsområde barnehagen har. Den gir også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval og verkty.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilde av barnehagen, men er eit bidrag til kva barnehagen skal arbeida vidare med innan det fokusområdet som er vurdert.

Det er eit ynskje at dei reiskapar og metodar som har vore nytta skal overførast til det interne vurderingsarbeidet som barnehagen gjennomfører årleg.

1.6 Barnehagevurdering



2. Fakta om barnehagen

Hestavoll barnehage er ein kommunal barnehage som ligg midt i Odda sentrum. Barnehagen blei opna i 1971 og var den fyrste heildagsbarnehagen i Odda.

Hestavoll barnehage har tre avdelingar, Løvetann for barn i alderen 0 - 3 år og Blåklokke og Solsikke for barn i alderen 3 - 6 år.

Barnehagen har tilsaman 48 plasser.

Opningstida er frå 07.45 – 16.45.

Satsingsområde dette barnehageåret er kulturformidling og drama.

Uteområdet til barnehagen er lite og gjer få utfordringar, men nærmiljøet byr på mange muligheiter m.a. brannstasjon, bibliotek, butikkar og smelteverket. Barnehagen har også faste turområde som dei nyttar flittig.

3. Vurderingstema

Hestavoll barnehage har bede om vurdering på følgjande tema:

"Barna sin medverknad i barnehagen".

Dette har personalet kome fram til etter å ha tatt stadsanalysen. Personalet vil gjerne bli betre på barna sin medverknad og ynskjer derfor å bli vurdert på dette.



4. Glansbilde

Tema: Barna sin medverknad i barnehagen

Kriterium	Teikn på god praksis
<p>Borna: Barna skal ha rett til medverknad tilpassa alder og forutsetninger (<i>Barnehagelova § 1 Formål 2. ledd</i>)</p>	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Barna sine innspel på den daglege verksemda vert vektlagde ❖ Barna deltek i planlegging og vurderingar av aktivitetar ❖ Barna sine kreative uttrykk vert verdsett og synleggjort ❖ Fysisk tilrettelegging av utstyr og materiell inne og ute fremmar barna sin medverknad ❖ Barna gjer eigne val i kvardagen (aktivitetar, rom og vener) ❖ Barn får støtte til å leva seg inn i andre sin situasjon og ta omsyn til andre.
<p>Personalet: Den pedagogiske verksemda er organisert og planlagt slik at det er tid og rom for barna til å medverka (<i>Rammeplanen 1.5 s. 18</i>)</p>	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Personalet oppfordrar barna til å seie sin meining om kvardagen i barnehagen ❖ Personalet tek det barna formidlar på alvor og syner dei respekt ❖ Personalet er medvitne om og ser etter initiativ frå barna ❖ Personalet gjennomfører strukturerte samtalar og intervju med barna/barnegrupper
<p>Foreldra: Foreldra er trygge på at barna deira vert respektert, og at dei får delta i ein fellesskap som gjer dei godt. (<i>Rammeplanen 1.6 s. 20</i>)</p>	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Foreldra vert involverte i barnehagen sitt pedagogiske arbeid ❖ Foreldra kjenner til korleis barna får medverka i barnehagen ❖ Foreldra ser at det er samsvar mellom barnehagen sine planar om medverknad og det som skjer i praksis ❖ Foreldre vert møtt med respekt og forståing, og innspel vert att på alvor ❖ Foreldra opplever at barna sine initiativ vert ivaretekne
<p>Organisasjonen: Barnehagen er ein lærande organisasjon Den pedagogiske verksemda er planlagt og organisert slik at det er tid og rom for barna til å medverka. (<i>Rammeplanen 1.5 s.18</i>)</p>	<ul style="list-style-type: none"> ❖ Det er sett av tid til jamnleg refleksjon og drøfting av eigen praksis i høve til barna sin medverknad ❖ Synspunkta til barna vert vektlagde i vurderingsarbeidet ❖ Personalet har ein felles forståing av barna sin medverknad ❖ Årsplanen konkretiserar kva barnehagen skal gjere for å leggje til rette for at barna skal få medverka ❖ Leiinga gjer fagleg støtte og rettleiing til personalet

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Kriterium og teikn på god praksis er henta frå lov om barnehage, rammeplan for barnehage, regelverk og barnehagen sine egne planar.

Når vurderarane gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon i barnehagen, i tillegg til dei dokument som barnehagen har lagt fram. Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderarane og godkjende av barnehagen.



5. Barnehagen sine sterke sider innan vurderingsområdet

Kriterium:

Barna skal ha rett til medverknad tilpassa alder og forutsetningar. (Barnehagelova § 1, Formål 2. ledd)

Barna sine innspel på den daglege verksemda vert vektlagde.

Barna fortel om medverknad i kvardagen ved at dei får velgja sangar, foreslå turar og aktivitetar, og velgja kven dei vil leika med og kva dei vil leika.

Personalet fortel at dei er positive til det barna ynskjer å gjera i frileiken. Dei får koma med innspel til dramaprojekt, velgja aktivitet når dei har gebursdag, velgja kvar dei vil gå på tur og delta i matinnkjøp, der dei får velgja ut sunne matvarer.

Barna sine kreative uttrykk vert verdsett og synleggjort.

Dette kjem til uttrykk gjennom både dans, forming og rolleleik.

Personalet rosar barna mykje, og dei hengjer opp og viser foreldra det barnet har laga.

Vurderarane har lagt merke til at barna sine uttrykk vert framstillt ryddig og pent i barnehagen. Barna er også flinke til å stå fram med sangar og regler.

Fysisk tilrettelegging av utstyr og materiell inne og ute fremmar barna sin medverknad.

Mykje leiker og materiell er tilgjengeleg for barna. Ein del er synleg, men står høgt på hyller. Barna seier dei spør ein vaksen om å ta det ned når dei vil bruka det, og då tek den vaksne det ned. I uteleiken tek personalet mykje leiker ut frå skuret, og barna kan velja frå mange kassar som er lett tilgjengelege.

Vurderarane såg at dei let skuret stå ope i utetida.

Foreldrerepresentanten har lagt merke til at leiker og materiell er lett tilgjengeleg inne.

Barna gjer egne val i kvardagen (aktivitetar, rom og vener)

Barna seier dei kan bestemma kva dei vil leika med og kven dei vil leika med.

Personalet meiner barna kan gjera mange val, men det må vera innan rimelege grenser.

Vurderarane ser at barna vel aktivitetar og leiker sjølve under frileiken.

Barna får støtte til å leva seg inn i andre sin situasjon og ta omsyn til andre.

Personalet uttrykkjer at barn lærer av å sjå korleis personalet handlar, og på den måten utviklar barn evne til å ta omsyn og gje støtte til dei som treng det. Personalet oppmuntrar barna til å melda frå når det er konflikstar dei ikkje greier løysa sjølve, og dei oppmuntrar barn til å bruka språket sitt når dei er usamde. Barnehagen nyttar også drama som verkemiddel til å arbeida med dette temaet.

Nokre barn uttrykkjer at dei prøver å gje andre barn trøst når det trengst, eller seier frå til personalet.

Vurderarane har også sett at barna trøstar kvarandre, og på 5-årsgruppa blei det vist eit bilete der oppgåva var å tolka ansiktsuttrykk (sint, lei seg). Me har også lagt merke til at personalet er gode modellar på dette området.

Kriterium:

Den pedagogiske verksemda er organisert og planlagt slik at det er tid og rom for barna til å medverka (Rammeplanen 1.5 s.18)

Personalet tek det barna formidlar på alvor og syner dei respekt.

Fleire barn seier at det er rom for å gjennomføra barna sine gode idear.

Personalet seier dei lyttar til og respekterer barna når dei vil formidla noko, og foreldre har lagt merke til at barna får utføra små oppgåver som å gå med bosset og lesa bok for andre barn.

Vurderarane har merka seg at personalet er flinke til å lytta til det barna seier.

Personalet er medvitne om og ser etter initiativ frå barna.

Dei vaksne fortel at dei ser etter initiativ frå barna og legg til rette for aktivitetar som barna viser interesse for. I forholdet til dei yngste, ser dei etter kva barnet peikar på og ynskjer å leika med, og dei observerer kva barna leikar.

Vurderarane har sett at personalet fylgjer barna tett og er tilgjengelege for dei.

Kriterium:

Foreldra er trygge på at barna deira vert respektert, og at dei får delta i ein fellesskap som gjer dei godt.

Foreldra vert involverte i barnehagen sitt pedagogiske arbeid.

Foreldrerepresentanten seier at dei får årsplanen til uttale på foreldremøte, og har høve til å påvirka.

Personalet fortel at foreldra kan koma med innspel og at Samarbeidsutvalet godkjenner årsplanen.

Foreldra vert møtt med respekt og forståing, og innspel vert tatt på alvor.

Foreldrerepresentanten meiner at foreldre kjenner seg respekterte og uttalar at det dei formidlar vert teke til etterretning og på alvor.

Personalet er enige om at dei respekterer og prøver å forstå foreldra, sjølv om det ikkje alltid kan bli slik foreldra ynskjer det.

Vurderarane har lagt merke til at personalet har ei positiv haldning til foreldregruppa og at foreldra vert omtala med respekt.

Foreldra opplever at barna sine initiativ vert tekne på alvor.

Foreldre har inntrykk av at barna sine initiativ vert høyrde.

Barna uttrykkjer også at det er mogleg å koma med ynskje/meiningar.

Personalet trur at foreldra opplever det slik, og kjem med eksempel på at barn t.d. har med seg ein cd heimefrå som blir spelt gjentekne gonger i barnehagen.

Vurderarane har sett at barn sine initiativ vert tekne på alvor. Eksempel på dette er ein episode der nokre barn ville leika med å tømme vatn i sklia, og ein av dei vaksne fylgde opp og støtta leiken.

Kriterium:

Den pedagogiske verksemda er planlagt og organisert slik at det er tid og rom for barna til å medverke. (Rammeplanen 1.5 s.18)

Leiinga gjer fagleg støtte og rettleiing til personalet.

Personalet fortel at idear blir teke positivt imot av leiinga. Når nokon treng støtte, så får dei det. Styrar får ros for å vera flink til å sjå og støtte personalet sitt.

Vurderarane opplever eit positivt arbeidsmiljø med profesjonelle tilsette som uttrykkjer at dei trivest på arbeidsplassen.

Elles såg vurderarane ein barnehage som:

- arbeider bevisst og godt med språkstimulering.
- barn og vaksne som er glad i å syngja og arbeider godt med drama.
- brukar dei norske barnesangskattane flittig.
- Har ein god atmosfære.





6. Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

Kriterium:

Barna skal ha rett til medverknad tilpassa alder og forutsetninger.
(Barnehagelova § 1 Formål 2. ledd)

Barna sine innspel på den daglege verksemda vert vektlagde

Her svarar personalet både ja og nei. "Kva gjer me når eit barn ikkje har lyst til å gå på tur. Må alle gå?"

Barna seier at det er dei voksne som bestemmer. Ungane skal berre leike. Dei har ikkje lyst til å bestemme heller for det er dei voksne som bestemmer. "Aase bestemmer i barnehagen". Dei svarar at dei ikkje veit kva dei skal gjere dersom dei har ein god ide .

Vurderarane opplever at det er mykje planlagde aktivitetar når barna er inne (på dei to eldste avdelingane), og at det kan føre til at det er vanskeleg for barna å kome med eigne innspel i disse situasjonane.

Barna deltek i planlegging og vurdering av aktivitetar

Personalet seier at barna generelt ikkje er med på å planleggje aktivitetar, sjølv om det skjer i enkelte situasjonar som val av turmål, pålegg og songar. Det skjer lite spontant i andre situasjonar og barna må derfor oppfordrast til å koma med innspel.

Barna seier at dei ikkje veit kva planlegging er og at det er eit vanskeleg ord. Barna seier også at det er dei vaksne som planlegg og at barna ikkje er med.

Vurderarane opplever og har sett at mykje av dei faste aktivitetane er planlagd og styrt av dei vaksne, sjølv om barna kan kome med litt innspel.

Barna gjer eigne val i kvardagen (aktivitetar, rom og vener)

Her seier nokre av barna at det er dei vaksne som bestemmer kva vi skal gjøre. Dei seier også at dei berre kan mala når dei vaksne seier at dei kan gjøre det." Dei vaksne bestemmer at vi ikkje skal rote".

Kriterium:

Den pedagogiske verksemda er organisert og planlagt slik at det er tid og rom for barna til å medverka
(Rammeplanen 1.5 s. 18)

Personalet oppfordrar barna til å seie sin mening om kvardagen i barnehagen

Personalet meiner at det skjer, men at det berre skjer sporadisk og at det ikkje er eit system for dette.

Vurderarane opplever at barnegruppa tilpassar seg i eit system som er mykje vaksenstyrt og strukturert (på dei store avdelingane), og at det kan vanskeleggjera for barna å gje tilbakemeldingar.

Personalet gjennomfører strukturerte samtalar og intervju med barna/barnegrupper

Heile personalgruppa var einige om at dette ikkje skjer.

Barna visste ikkje kva barnemøte var.

Vurderarane ser at barnemøte er nemnd i årsplanen, men ikkje korleis det skal gjennomførast. Dette må settes inn i eit system.

Kriterium:

Foreldra er trygge på at borna deira vert respektert, og at dei får delta i ein fellesskap som gjer dei godt
(Rammeplanen 1.6 s. 20)

Foreldra kjenner til korleis barna får medverka i barnehagen

Dette var personalgruppa einige om at dette var noko foreldra ikkje kjende til. Dei hadde ikkje diskutert det med foreldregruppa.

Foreldrerepresentanten var usikker om han hadde sett dette ordet blitt brukt så mykje.

Foreldra ser at det er samsvar mellom barnehagen sine planar om medverknad og det som skjer i praksis

Foreldrerepresentanten var usikker på dette. Han visste ikkje om planlagd og direkte medverknad var nemnd i årsplanen.

Personalgruppa meiner at foreldra ikkje oppleve at det er samsvar mellom barnehagen sine planar for barna sin medverknad og det som skjer i praksis. Dei har heller ikkje diskutert dette med foreldra.

Vurderarane ser at barnehagen ikkje har andre planar om medverknad anna enn det som står i årsplanen

Kriterium:

Den pedagogiske verksemda er planlagt og organisert slik at det er tid og rom for barna til å medverke

(Rammeplanen 1.5 s. 18)

Det er sett av tid til jamleg refleksjon og drøfting av eigen praksis i høve til barna sin medverknad

Heile personalgruppa er einige om at dette ikkje har blitt gjort. I den samanheng vise dei også til at det er mykje som skal ha plass på avdelingsmøta og at tida ikkje strekk til. Dei nemnde også at kanskje heile personalgruppa kunne ta seg ei sosial helg der ei m.a. jobba med dette temaet.

Synspunkta til barna vert vektlagde i vurderingsarbeidet

Personalgruppa er einig om at dette ikkje vert gjort.

Vurderarane ser at dette er ein naturleg fylgje av at ikkje barna blir tatt med i planlegging og vurdering av det som skjer og har skjedd i barnehagen. For at synspunkta til barna skal bli vektlagde må dette vere komme inn i eit system der barna er vane med at dei kan vere med å påvirke og uttale seg om det som skjer i barnehagen.

Personalet har felles forståing av barna sin medverknad

Personalgruppa har starta denne prosessen med å begynne med å diskutere kva dei legg i omgrepet medverknad noko som personalgruppa har opplevd som veldig nyttig. Dei ynskjer å fylgje opp denne prosessen.

Årsplanen konkretiserar kva barnehagen skal gjere for å leggje til rette for at barna skal få medverke

Personalet seier at det står om tema medverknad i årsplanen, m.a. barnemøte, men det står ikkje korleis ein skal jobba med det. Vurderarane ser at det som står i årsplanen om medverknad er veldig lite konkretisert. Det står nemnd ein del metodar, men ikkje korleis ein vil jobba med det. Vurderarane etterlysar ein plan for barna sin medverknad der det er satt opp korleis ein vil jobba med dette; mål, metodar og system.

Leiinga gjer fagleg støtte og rettleiing til personalet

Sjølv om mesteparten av personalet var einige om at leiinga gjer fagleg støtte og rettleiing, var det nokre i personalgruppa som ynskjte meir oppfølging og nokre av leiarane som meinte at dei måtte bli meir bevisste på å gje meir støtte og rettleiing. "Det er lett for å gå i den same tralten".

7. Vidare arbeid



Oppmod styrar til å sei noko om vegen vidare, overlevering av stafettspinnen

6 månadar etter barnehagevurderinga finn stad, vil styrar rapportera attende til barnehagesjef/barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Stad, dato

Namn vurderar

Namn vurderar

Vedlegg 1 - Deltakarar i vurderinga

- Interne: Barn, personalet og leiar i samarbeidsutvalet i Hestavoll barnehage
- Eksterne: Sigrun Fosså Rykkje og Bjørg Eilertsen Haukeland

Grunngiving for val av informantar: For å få svar på problemstillinga var det viktig at alle involverte partar fekk uttale seg i høve temaet. Her skulle foreldregruppaa også vore med. På grunn av at det var svært få som møtte på foreldremøte kunne dei ikkje nyttast som informantar. Som representant for foreldra fekk me ein uttale frå leiar av samarbeidsutvalet i barnehagen.

Vedlegg 2 - Tidsbruk

Det er avsett ei veke til å vurdere ein barnehage. Det inneber i hovudsak ein startdag der vurderarane møter barnehagen for fyrste gong for avklaring og planlegging. Dette kan vera eit fysisk møte eller telefonmøte. Under sjølve vurderinga, er vurderarane i barnehagen i inntil tre dagar. Barnehagen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I førekant og undervegs førebur vurderarane informasjon, metodar, verkty og driv informasjonsarbeid og oppsummeringar. Styrar vert oppdatert om arbeidet heile vegen.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på tre dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

Vedlegg 3 – Tidsplan

TIDSPLAN for vurderinga av Hestavoll barnehage, Odda kommune

Hestavoll barnehage

Dato: 31.10. – 03.11.2011

Dato/ veke	Tid	Aktivitet	Ansvar
Juni 2011	5 mnd. før vurdering	Telefonkontakt med barnehagen som skal ha vurdering: informasjon om metoden, ståstadsanalysen og vurderingsprosessen	Vurderarane ved Sigrun
August 2011		Informasjon til barnehagen via e-post, ståstadsanalysen og vurderingsprosessen: <ol style="list-style-type: none"> 1. om ståstadsanalysen (sett av 1mnd. til arb.) 2. oppgåver og ansvar knytt til ekstern vurdering 3. tidsplan – prosessen før vurdering 	Vurderarane ved Sigrun
Innan 19.09		Send: ståstadsanalyse, vurderingstema og dokumentasjon til vurderarane	Styrrar
Møte 20.09 Veke 38		Lage glansbilde	Vurderarane
Innan 27. september		Send glansbilde til barnehagen v/styrrar og tidsplan Arbeidet med å utvikla eit glansbilde for kvar einiskild barnehage kan ta litt tid, difor bør glansbildeframlegget sendast til barnehagen så tidleg som mogleg.	Vurderarane
Innan 07.10		Styrrar diskuterer glansbildeframlegget med personalgruppa og returnerer innspel, kommentarar eller ei godkjenning av glansbilde	Styrrar
Veke 41, 42 og 43		Laga: <ul style="list-style-type: none"> ▪ intervjuguidar ▪ tidsplan for vurderingsveka ▪ rapport-mal, intern og ekstern ▪ laga mal for Power Point presentasjon 	Vurderarane
Innan 21.10		Informasjon til vurderarane: <ul style="list-style-type: none"> ▪ fakta om barnehagen, skriftleg ▪ foto av barnehagen til rapporten si framside 	Styrrar
Innan 18.10		Sende til barnehagen: <ul style="list-style-type: none"> • Innkalling til foreldremøte 31.10.2011 • Presentasjon med bilete av vurderarane til borna og personalet • Info til barnehagen om korleis dei skal førebu barna på intervju 	Vurderarane
Veke 44		Vurderarane kjem til barnehagen	Vurderarane

Vurderingsveke: 44 - 30.oktober – 3. november 2011			
Dato	Tid	Aktivitet	Ansvar
30.10.2011	Kl. 18.00	- Møtast på Vasstun - Justering, og arbeidsfordeling	Vurderarane
01.11.2011	kl 08.00	- Koma i barnehagen, kort presentasjon og info-utveksling m/styrrar	Vurderarane
	kl 09.00	- Vurderarane vert presentert for barna i ei samling	Styrrar
	kl. 09.30	- Observasjon	Vurderarane
	kl.14.00	- Kort rapport til styrrar. Avtala tid for intervju av tilsette.	Vurderarane
	kl 19.00	- Foreldremøte klokka 19.00 - 20.30 (Personalet deltek ikkje)	Vurderarane
	kl. 20.30	- Etterarbeid	
02.11.2011	kl 08.30	- Observasjon	Vurderarane
	kl.10.00	- Barnesamtalar Måltid Barnesamtalar etter mat.	Vurderarane
	kl. 14.00	- Kort rapport til styrrar/ assisterande styrrar.	Vurderarane
	kl. 14.30	- Etterarbeid	"
	kl.18.00- kl.19.30	- Personalintervju. Assistentar/fagarbeidarar og pedagogiske leiarar og styrrar	"
		- Etterarbeid	
03.11.2011	Kl 08.00	- Observasjon	Vurderarane
	Kl 12.00	- Kort rapport til styrrar - Etterarbeid - Rapportskriving	" "
04.11.2011	Kl.15.00	- Ferdigstilling av rapport - Informasjon om rapporten til styrrar	Vurderarane "
	Kl 17.00	- Personalmøte – leggja fram rapporten	"
Innan 17/5-2012		- Rapportera attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen arbeider med utviklingsområda - Orienterer det politiske fagutvalet	Styrrar

Vedlegg 4 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta og intervju 5-åringane og eventuelt 4-åringar, eit utval av føresette i barnehagen og eit utval av personalgruppa; pedagogar, assistentar og fagarbeidarar. Det kan også vera aktuelt å gjennomføra observasjonar blant barn og tilsette i barnehagen.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til barnehagen, og på korleis barnehagen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen i denne barnehagen er følgjande metodar nytta: observasjon, intervju, samtalte, og dokumentanalyse.

Dokument- og resultatanalyse

På førehand, etter barnehagen hadde gjennomført ståstadsanalyse og før vurderarane vitja barnehagen, sende barnehagen relevante dokument til vurderarane. Til dømes arbeidsplanar; årsplan, verksemdsplan, fagplanar, halvtårsplan, månadsplanar, vekeplanar, møteplan og kompetanseplan. Resultat av brukarundersøkingar blant barn, føresette og personalgruppa, medarbeidarundersøking.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderarane utarbeidde forslag til eit glansbilde med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i rammeplan for barnehage -06, barnehagelova med forskrift og barnehagen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta i barnehagen. Barnehagen godkjende glansbilete utan endringar.

Førebu barna

For å førebu barna på det som skulle skje sende vurderarane ein presentasjon av seg sjølve til barnehagen før vurderinga.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarane i førekant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis førskulebarn, føresette, assistentar/fagarbeidarar og pedagog

Møte med føresette

Ein føresetnad for god barnehageutvikling er god dialog mellom heim og barnehage. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. Vi hadde invitert til felles møte for alle foreldre, men då det var svært lite frammøte valde vi i staden å ha samtale med :

- Leiar av samarbeidsutvalet

Møte med styrar

Styrar har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som barnehagen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med styrar dannar grunnlag for gjensidig forståing av barnehagen sin no situasjon og for vidare arbeid.

Observasjon

Me observerte i kvardagssituasjonar inne og ute.

Vedlegg 5 – Dette sa barna

Kriterium: Barna skal ha rett til medverknad tilpassa alder og forutsetningar." (BHL §1, Formål 2.ledd).

- Fortel litt om korleis du har det i barnehagen
- Fortel om kva du likar å gjera på i barnehagen?
- Kven pleier du å leika med?

Teikn m/spørsmål:

1. Barna sine innspel på den daglege verksemda vert vektlagde.

- Har de barnemøter i barnehagen?
- Kan du fortelje litt om de?
- Kan du vera med og finna på ting som alle skal gjera, for eksempel kvar de skal gå på tur eller kva de skal eta?

Dette sa barna:

▪

2. Barna deltek i planlegging og vurdering av aktivitetar.

- Kva tenkjer du om planlegging.
- Fortel om kva barna planlegg i barnehagen.
- Når de har vore på tur, pleier de å snakka om turen etterpå?

Dette sa barna:

▪

3. Barna sine kreative uttrykk vert verdsett og synleggjort.

- Kva gjer de med teikningar og ting som de lagar i barnehagen?
- Er det du sjølv som bestemmer det?
- Kva gjer du viss du har ein god ide?

Dette sa barna:

▪

4.Fysisk tilrettelegging av utstyr og materiell inne og ute fremmar barnet sin medverknad.

- Kor finn du leiker og andre ting du har lyst å driva på med i barnehagen?
- Kan du finne fram sjølv?
- Er det noko som ikkje kan stå framme?

Dette sa barna:

▪

Teikn: Barna gjer egne val i kvardagen(aktivitetar, rom og vener)

-
- Kva tenkje du om å bestemme?
Kva kan du bestemma sjølv når du er i barnehagen?
- Er det noko du har lyst til å bestemma?

<p>Dette sa barna:</p> <ul style="list-style-type: none"> •
<p>Barna får støtte til å leva seg inn i andre sin situasjon og ta omsyn til andre.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fortel kva du gjer viss nokon du leikar med blir lei seg? - Kva gjer dei vaksne? - Fortel korleis du kjenner det når nokon blir veldig glad. <p>Dette sa barna:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪

Vedlegg 6 – Dette sa føresette

Tema: **Barna sin medverknad i barnehagen.**

<p>Set opp punkt de meiner barnehagen er flink til:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪
<p>Set opp punkt de meiner barnehagen kan verta flinkare til:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪
<p>Set opp punkt som foreldra kan verta flinkare til:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪
<p>Kriterium: Foreldra er trygge på at borna deira vert respektert, og at dei får delta i ein fellesskap som gjer dei godt.</p>
<p>Teikn: Vert foreldra involvert i barnehagen sitt pedagogiske arbeid?</p> <p>Dette sa foreldra:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪
<p>Teikn: Ser foreldra at det er samsvar mellom barnehagen sine planar om medverknad og det som skjer i praksis?</p> <p>Dette sa foreldra:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪
<p>Teikn: Blir foreldra møtt med respekt og forståing, og vert innspel tatt på alvor?</p> <p>Dette sa foreldra:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪
<p>Teikn: Opplever foreldra at borna sine initiativ vert ivaretekne?</p> <p>Dette sa foreldra:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ ▪
<p>Teikn: Kjenner foreldra til korleis barna får medverka i barnehagen?</p>

<p>Dette sa foreldra:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪
<p>Teikn: Ser foreldra at det er samsvar mellom barnehagen sine planar om medverknad og det som skjer i praksis?</p>
<p>Dette sa foreldra:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪
<p>Kriterium: Barna skal ha rett til medverknad tilpassa alder og forutsetninger</p>
<p>Teikn: Fremmar fysisk tilrettelegging av utstyr inne og ute barna sin medverknad?</p>
<p>Dette sa foreldra:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪

Vedlegg 7 – Dette sa personalet

Tema: Barna sin medverknad i barnehagen

<p>Kriterium: Barna skal ha rett til medverknad tilpassa alder og forutsetninger.</p>
<p>Teikn: Barna sine innspel på den daglege verksemda vert vektlagde</p>
<p>Dette sa dei tilsette:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪
<p>Teikn: Barna deltek i planlegging og vurdering av aktivitetar</p>
<p>Dette sa dei tilsette:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪
<p>Teikn: Barna sine kreative uttrykk vert verdsett og synleggjort.</p>
<p>Dette sa dei tilsette:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪
<p>Teikn: Fysisk tilrettelegging av utstyr av materiell inne og ute fremmar barna sin medverknad.</p>
<p>Dette sa dei tilsette:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪
<p>Teikn: Barna gjer egne val i kvardagen (aktivitetar, rom og venter).</p>
<p>Dette sa dei tilsette:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪
<p>Teikn: Barna får støtte til å leva seg inn i andre sin situasjon, og ta omsyn til andre</p>
<p>Dette sa dei tilsette:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪
<p>Kriterium: Den pedagogiske verksemda er organisert og planlagt slik at det er</p>

tid og rom for barna til å medverka.
Teikn: Personalet oppfordrar barna til å sei si meining om kvardagen i barnehagen.
Dette sa dei tilsette: <ul style="list-style-type: none"> ▪
Teikn: Personalet tek det barna formidlar på alvor, og syner dei respekt.
Dette sa dei tilsette: <ul style="list-style-type: none"> ▪
Teikn: Personalet er medvitne om og ser etter initiativ frå barna
Dette sa dei tilsette: <ul style="list-style-type: none"> ▪
Teikn: Personalet gjennomfører strukturerte samtalar og intervju med barna/barnegruppene.
Dette sa dei tilsette: <ul style="list-style-type: none"> ▪
Kriterium: Foreldra er trygge på at barna deira vert respektert, og at dei får delta i ein fellesskap som gjer dei godt
Teikn: Foreldra vert involverte i barnehagen sitt pedagogiske arbeid
Dette sa dei tilsette: <ul style="list-style-type: none"> ▪
Teikn: Foreldra kjenner til korleis barna får medverka i barnehagen.
Dette sa dei tilsette: <ul style="list-style-type: none"> ▪
Teikn: Foreldra ser at det er samsvar mellom barnehagen sine planar om medverknad og det som skjer i praksis.
Dette sa dei tilsette: <ul style="list-style-type: none"> ▪
Teikn: Foreldre vert møtt med respekt og forståing, og innspel vert tatt på alvor.
Dette sa dei tilsette: <ul style="list-style-type: none"> ▪
Teikn: Foreldra opplever at barna sine initiativ vert ivaretekne.
Dette sa dei tilsette: <ul style="list-style-type: none"> • •
Kriterium: Barnehagen er ein lærande organisasjon.
Teikn: Det er sett av tid til jamnleg refleksjon og drøfting av eigen praksis i høve til barna sin medverknad.

Dette sa dei tilsette:

-

Teikn: **Synspunkta til barna vert vektlagde i vurderingsarbeidet.**

Dette sa dei tilsette:

-

Teikn: **Personalet har ein felles forståing av barna sin medverknad**

Dette sa dei tilsette:

-

Teikn: **Årsplanen konkretiserar kva barnehagen skal gjere for å leggje til rette for at barna skal få medverke**

Dette sa dei tilsette:

-

Teikn: **Leiinga gjer fagleg støtte og rettleiing til personalet**

Dette sa dei tilsette:

-

8 – Observasjonar